

HYRDINGEN

NR. 3

Mai 2012

ÅRGANG 54

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Slutt på statskyrkjeordninga

Side 5



Påskeglede i fengselet

Les meir side 5



17. MAI I SKJOLD



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3243 05 05202
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelid@
vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15
Sigrunn Hagen Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534
sigrunn.hagen.arnesen@
vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 980 37 571
Epost: martin.ivar.arnesen@
vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97
Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Prostiprest/fengselsprest:

Arild Markussen tlf. 944 39 639
Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Kyrkjevevja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alyseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Prosten har ordet

ved prost Arne O. Øystese



Heilaganden opnar for Jesus

Pinse feriar vi fordi Gud sende oss Den heilage Ande. - Dersom vi hadde teke ei rundspørjing blant folk her i lokalmiljøet vårt, er eg ganske trygg for at dei aller fleste ville svara rett på spørsmålet: kvifor feirar vi Jul? - Tilsvarande ville nok mange ha gitt rett svar på kva Påske står for. - Men hadde vi spurt : kvifor feirar vi Pinse, ville nok svara blitt ulike – og kanskje ikkje heilt rette...

Kva er Pinse?

Pinse kjem frå eit gresk ord, som beint omsett tyder: "den femtiande". Det står for "50 dagar etter påske". Vi feirar Pinse – fordi Gud den dagen sende Den heilage Ande til apostlane sine. Gjennom Heilaganden har Jesus lova vera nær oss til alle tider. Ein nærleik som er sterkt knytt til Hans eige Ord; Bibelen. I vår kristne tru, er Heilaganden den tredje personen i guddomen vår. Den tre-einige Gud, som vi trur på, er Gud, vår Skapar; Jesus, vår Frelsar, og Den heilage Ande, Talsmannen og Trøystaren.

Nettopp ordet TALSMANN set oss på sporet kva Den heilage Ande er: han talar Guds og Jesu sak. Han peikar alltid på Jesus gjennom alt sitt virke. Heilaganden handlar alltid i tråd med Guds ord. Han virkar ikkje i eiga kraft, men i den kraft som følgjer med Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

Skal vi då prøva å forklara kva Den heilage Ande er, kan vi kalla han for ein boksopnar. Alle forklaringar haltar – det vil seia at dei gir oss ikkje ei fullstendig forklaring. Men denne opnar kanskje noko for oss: ein boksopnar – som vi bl a brukar

på hermetikkboksar for å få tak i innhaldet – er vi avhengig av for å nytta godt av det hermetikkboksen inneheld – enten det er frukt eller middagsmat. På same måten opnar Heilaganden Bibelen og Guds ord for oss; ei bok som kanskje mange opplever som lukka og låst. Guds ande virkar i samsvar med Odet, og skaper tru på Jesus i hjarta vårt – slik vår barnelærdom vitnar om det:

"Eg trur at eg ikkje av eiga kraft eller eiga makt kan koma til den Herre Jesus Kristus eller tru på han. Men Den heilage Ande har kalla meg ved evangeliet; opplyst meg og helga meg, og halde meg fast i den sanne trua..."

Når denne trua får plass hjå meg, gjev Herren med ein fred av ein heilt annan kvalitet enn det vi til vanleg tenkjer på med omgrepet "fred". Det handlar om fred med Gud i eit godt hjarta. Tru på at Jesus tilgjev meg mi synd og skuld; tru på at Han alltid går ved sida mi og aldri sviktar meg. Trua på at Jesus held meg fast hjå seg, også når det går mot livets kveld. Håpet om eit liv etter døden – som Jesus gir meg i kraft av si oppstode frå dei døde, og løftet om den store gledesfesten heime hjå Gud i himmelen.

Viktig er det også å merkja seg: trua på Jesus treng næring; regelmessig næring. Den ligg og ventar på oss i dei fire kraftkjeldene som Gud har gitt oss: bønne; bibellesinga; fellesskapet med andre kristne, og i nattverden. Ved alle desse fire "kraftstasjonane" er Den heilag Ande verksam, og gir meg kraft til å leva som ein kristen.

God pinse!

Arne O. Øystese.



Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, ... Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje...

Frå Matt. 6,25 fg



Av Gunnar Listog

Snø – og ”Kom mai, du skjønn milde”

Mai, månaden som nok ein gong ber bod om ”nytt liv av daude gror” byrja med kvite snøkrystallar fallande mot nysprungne vår. Kulde møtte varme.

Og kanskje er inngangen til vår- under-månaden slik me har det i vårt kjære fedreland nett no.

Rettsaka som denne våren foregår i Oslo, sender daglege kuldesjokkbølger over vårkledd fedreland. Dei uforståelege, umenneskelege gjerningane utført av eitt menneske, er som knallharde haglskur mot vårblømande engar. Me frys og kuldar.

Dette er dagar alle, og ikkje minst dei som fekk livet sitt totalt endra, må gjennom. Og liksom våren har sommarhåpet i seg, slik må me vona at livstrua på ny gradvis kjem attende også for dei familieane som miste det umistelege, ein av sine kjære.

Gudstenestane i kyrkjene landet rundt 22. juli vil vera prega av eittårsmarkeringa for ugjerninga. Å gje trøyst, håp og varme til frysande menneske, må vera det viktige denne dagen.

Mai har sterke symbol i seg som utfordrar både einskildmenneske og oss som nasjon. Dei nasjonsbyggjande symbola er i særleg grad knytt til 17.mai-feiringa, men og til 1. mai.

Konfirmasjonane rundt om i sokna utfordrar unge menneske, Konfirmare tyder stadfesting, dåpsløftet skal vidareførast. For mange er nok gåvene og familieselskapa det viktigaste. Men kvar einskild har likevel gjenom konfirmasjonstida fått med seg ei niste å ty til i framtida.

Dette er alle nasjonsbyggjande element som på ny og på ny skal stå i mot destruktive og øydeleggjande krefter. Song og blomehav vil vinna over ill-sinte haglskur, det gode, kjærleiken, vil sigra over vondemaktene.

God sommar!



Vikestøls møte 8. juli

Ein tradisjon som tok til i år 1900, er endå levande i Vindafjord. Kvar sommar rundt månadsskiftet juni-juli har det vore stemnemøte på Vikestølen. Ein stad der også turvegane frå ei rekkje av bygdene rundt dette fjellområdet møtest.

Vanlegast er det å gå langs skogsvegen frå Eikås på Bjoa (ein tur på omlag 45 minutt) eller frå Vikebygd (ein tur på mellom 1 og 1,5 time). Møta har i alle desse åra vore arrangert av eit eige styre med ein


representant frå bedehusmiljøa i kvar av kyrkjesokna: Skjold, Vats, Ølen, Bjoa og Vikebygd. Sjølv om dei fleste går til fots, brukar styret for møta å ordna med ein bil som kan transportera opp dei som av alder eller andre grunnar ikkje kan gå opp sjølve.

Ved 100 års jubileet vart det laga ei bok om Vikestøls møta. Denne ligg nå på internett: vikebygd.org/vs/

Nytt kyrkjelydshus i Vats

I sist nummer av Hyrdingen sto det litt om innsamling av midlar til tomtekjøp. Det er vist på diagrammet pluss status pr. 25. april.

Me er svært takksame for den støtte me har fått til nå, og håpar at andre og vil støtta slik at me kan nærma oss kr. 300.000.



Sommarferie for prestane i Vindafjord

I perioden juni, juli og august er ferieavviklinga for prestane i Vindafjord

Sokneprestane i Skjold:

16. juli - 12. august
9. - 15. juli: På Madagaskar

Soknepresten i Ølen:

11. juni - 08. juli og 13. - 19. august

Soknepresten i Vikedal:

09. juli - 05. august

Prosti/fengselsprest:

29. juni - 06. juli og 30. juli - 19. august

Fellesrådet i Vindaffjord: Med fokus på den praktiske delen av den kyrkjelege forvaltninga

Fellesrådet er mindre kjent enn soknerådet når det gjeld kyrkjeleg forvaltning. Men det praktiske må fungere for at ein kyrkjelyd skal fungere: Kyrkjene må vedlikehaldast, kyrkjegardane skal sjå fine ut og ha ledige gravplassar, dei tilsette skal ha høvelege kontor. Slike oppgåver har Fellesrådet ansvar for i samarbeid med kommunen.

Kvart sokneråd vel ein representant til Fellesrådet- I tillegg vel kommunestyret sin representant i rådet.

I inneverande periode har Fellesrådet i Vindaffjord denne samansetjinga:

Terje Kleiven (politisk representant), Ingrid Marvik (Imsland), Andreas Rosså (Vikedal), Dag Arne Matre (Sandeid),

Leiv Karsten Medhaug (Ølen), Jarle Sandsgård (Bjoa), Dag Nagel-Alne (Vikebygd), Karianne Dagsland (Skjold), Håkon Børre Koltveit (Vats), sokneprest Harald Eintveit (oppnemnd av Stavanger biskop)

Terje Kleiven er vald til leiar og Leiv Karsten Medhaug til nestleiar for inneverande periode.

Mange utfordringar

Det er ikkje så ofte Fellesrådet vel den kommunale representanten som leiar, men det skjer.

I denne perioden er det Terje Kleiven som vart vald som leiar her i Vindaffjord.

Han er 46 år gammal, frå Årdal i Sogn, spesialist i allmennmedisin og lege i Skjold frå 1994.

Politisk representerer han Høgre. Han er kjend som ein slagkraftig og uredde realpolitikar.

Terje er glad i kyrkja og orienterer med glede om arbeidet i Fellesrådet.

Ei samordna drift

Terje Kleiven er opptatt av å få til ei drift som er lik og gjeld for alle sokna i kommunen. Med ein million i året til kommunalt vedlikehald av kyrkjene, må ein sjå heile kommunen under eitt, og så prioritere derifrå. Han nemner trekyrkjene i kommunen; Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats, Bjoa og Ølen som viktig å få gjort noko med fort i høve skadar knytt til lekasjar og fukt. Kyrkja i Ølen meiner han er den trekyrkja som treng mest vedlikehald. Her må og skiftast noko kledning.

Etter vedlikehald og vask skal kyrkjene stå der, vakre, velhaldne og presentable. Det må vera målet, seier han entusiastisk. Han nemner den nyleg renoverte Vikebygd kyrkje som eit godt døme.

Skjold kyrkje har, trass sin unge alder, dessverre store vedlikehalds- og reparasjonsbehov. Sprekddanningar og lekasjar er skadar som lett gjev store kostnader på denne type bygg. Her har fellesrådsleia-



Terje Kleiven

ren ein klar tanke: Han ser vedlikehaldsbehovet saman med trongen for gravplassareal i Skjold. – Kvifor ikkje nytta om att den gamle gravplassen ved vegen opp til Skjoldali-feltet, seier han, og gjera Jøsendalstunet om til ein fin kyrkjepark. Ei slik løysing vil gje overskytande midlar til vedlikehald av kyrkja, for det er dyrt å leggja eit gravplassareal i leirjord, slik det er kring Skjold kyrkje.

Mange utfordringar

Den nyvalde leiaren ser mange utfordringar i kommunen som Fellesrådet skal arbeida med. Han nemner m.a.:

Kyrkjedrifta i alle dei åtte sokna skal vere lik, mellom anna ved at der er til-

sett kyrkjetenar i regi av Fellesrådet i alle kyrkjene.

Gjennomføra arbeidet med eigen kyrkjelydsarbeidar i kommunen. Her er det gjort mykje godt arbeid i sokna gjennom Felles utval for trusopplæring Vindaffjord. Denne stillinga er tenkt finansiert med innsamla midlar frå sokna, og Fellesrådet skal ha arbeidsgjevaransvaret. Det er opp til dei enkelte sokna å dra nytte av denne ressursen.

Arbeide for eitt kyrkjekontor i Vindaffjord, lokalisert i Ølen, der prestane, organistane og kyrkjevevja har sitt kontorfellesskap. Dette ville profilere kyrka i Vindaffjord betre, i tillegg til at ein fekk eit større fellesskap for dei tilsette.

Arbeide for å få til ein langt betre infrastruktur rundt Ølen kyrkje.

Eige kyrkjelydshus i indre del av kommunen. Terje Kleiven nemner her den ubruka, kommunale barnehagen som eit svært godt alternativ.- Men her er det primært sokna i den indre del av kommunen som må ta eit initiativ, understrekar han.

Den nye Fellesrådsfomannen er ein initiativrik kar. Då får ein vona at han saman med andre dyktige medarbeidarar i rådet får handlingsrom til å ta fatt på viktige oppgåver til beste for innbyggjarane i dei ulike sokna.

Gunnar Listog

Slutt på statskyrkjeordninga

21. mai vert ei merkedag for den norske kyrkje. Då endrast grunnlova. Frå då av har me ikkje lenger statskyrkje i landet vårt, og det er slutt på ei 500 år gammal ordning.

Kvifor ei slik endring?

For Staten sin del er svaret greitt: Staten skal ivareta alle menneske i samfunnet vårt uansett tru. Grunnlovsendringa vil seia at staten skal utøva ei likehandsaming av ulike trussamfunn i landet vårt.

Både politikarar og kyrkjefolk understrekar at folkekyrkjeprofilen ikkje skal endrast ved at stat og kyrkje skil lag. Men staten sitt "overformynderi" ovafor kyrkja vil det vera slutt på. Kyrkja vert "herre i eige hus", og kan t.d. utnemne dei biskopane dei meiner er best skikka.

Kyrkja som trussamfunn og ikkje som ein statsinstitusjon, er det mange innan kyrkja som hevdar er det store framsteg.

Kyrkja er den same

Kyrkjeleiarar i landet vårt hevdar at den levande folkekyrkja vil vera den same også etter den 21. mai. Staten vil og i framtida ha økonomisk ansvar for kyrkja, slik at kyrkja endrar seg frå å vera ei statskyrkje til ei "statsbudsjettkyrkje",

Framleis forankring i dei kristne verdiane

Det er mange som er redde for at landet vårt endrar seg frå eit kristent forankra land til meir og meir å verta ein sekularisert nasjon.

Dei solide, kristne røtene som vår na-

sjon er tufta på, er i ferd med å smuldra opp. Andre religiøse og ikkje religiøse røter er i ferd med å få feste, vert det hevda.

Dette er argument som vert tilbakeviste av dei lovkyndige. I nytt grunnlovsforslag står det: *Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske arv.*"

§§ 2 og 16 i "gammel" grunnlov

Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsøvelse.

Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion.

De Indvaanere, der bekjende sig til den, ere forpligtede til at opdrage deres Børn i samme.

§ 16

Kongen anordner al offentlig Kirke- og Gudstjeneste, alle Møder og Forsamlinger om Religions-sager, og paaser, at Religionens offentlige Lærere følge de dem foreskrevne Normer

§§ 2 og 16 i "ny" grunnlov

Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv.

Denne grundlov skal sikre Demokrati, Retsstat og Menneskerettighetene.

§ 16

Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsøvelse. Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som saadan af Staten.

Nærmere Bestemmelser om dens ordning fastsættes ved Lov. Alle Tros- og Livssynssamfund skal understøttes paa lige Linje.

Endringa fører med seg utfordringar og gjev grunnlag for nytenking. Så må me tru at når Stortinget gjer sitt endelege vedtak, så er det til beste for den framtidige folkekyrkja i landet vårt.

Gunnar Listog

Påskeglede i fengselet

Ekstra sårt å vere i fengsel når 'alle dei andre' har høgtid, ferie og familieidyll. Kvifor ikkje då sjølve gjere det triveleg? Så tenkte to fangar i Sandeid fengsel – og fekk mange med.

"Den største glede du kan ha..."

Fengselet støtta idéen; stettglas i plast og mykje brus blei kjøpt inn, - og folk var med! Frelsesarméen i Haugesund kontakta snill kjøpmann, og fengselspresten – som blei invitert med i festkomitéen - kunne hente kassevis med kjeks og sjokolade.

"Jailhouse rock"

Mest alle innsette møtte, så vel seksti gav kraftig trampeklapp. Dette var triveleg - ! Hovuddelen av programmet var kring femti minutt gitar og vokal med rock og blues. Fire kassegitarar: "Knockin' on Heaven's door", "Folsom Prison blues", "Harry" m.fl. Men òg prolog, høgtideleg

opplesen, blei tatt vel imot - med overraska, men varme smil. Likeins stussa folk då det blei gjort klart for stolleik, - men snart gav dei seg ende over og lo godt av den sporty betjenten og fangane som villig dumma seg.

Andakt

Presten prøvde òg å synge - om Han som "låg og skalv i angst på kne" (i **Getsemane**). Applausen var helst høfleg..., men håpet er at orda gjekk heim – om Jesus, som blei svikta av alle og krossfest for å sone alt vårt svik. Siste dagen skal Han sjølv vere domar. Han dømer ikkje som domarane her; Han dømer i nåde – og setter fri til evig liv. Sterkaste andakten var nok likevel ved ein av gitaristane; han song etter eige ønske "Himmelloosen". Det var stille då han gjennom songen takka Jesus, den himmelske los, som "entret min livsbåt og endret min kurs".



Sandeid fengsel

Etterpå

Langt ute i påsketida heng mykje av det gode frå påskehelga enno med. Ein av gitaristane ville nyleg ha avskjedskonsert. Hadde forstått konsert er mogeleg.

Elles har m.a. ungdomar frå Lundeneset hatt møte denne vinteren, og som resultat av klår forkynning og god stemning er Bibelgruppa i gang igjen. Gode samtalar – utan gitarakkompagnement, men med den store glede.

Arild Markussen

Konfirmantane



Ølen

Første rad f.v: Serine Lunde, Sara Eidsheim, Hanna Greenwood Karsten-sen, Anna Rita Måge, Merete Steinsland, Eileen Lint Eide, Marie Hundhammer Siglen, Benedikte Eikesdal, Lisa Marie Lawson, Silje Ebne. *Andre rad fv:* Johannes Nedreliid (prest), Kristoffer Hodnem Pedersen, Ole Jørgen Espeland, Adrian Halleland, Kirsten Opheim, Ada Brændholen Ivesdal, Ma-lene Nærland, Rikke Arnestad, Lyth Bendik Hole, Lars Erik Berge, Thomas Eide Ulriksen, Britt Karstensen (kateket). *Tredje rad fv:* Krister Lint Eide, Tor Egil Voll Øvernes, Steffen Eikedal, Viljar Ness Klungland, Sølve Olaus Østbø, Hans Rørtveit, Espen Drange, Alexander Bjørgen-Hegerland, Sindre Aspesæther Rødne, Henry Jonas Johansen.



Vats

Bakerste rekke frå venstre: John Eikanes, Torbjørn Arnesen Økland, Øyvind Mjølhus, Lars Sigmund Marvik, Rolf Inge Frøland, Ole Johan Skare, Kenny Stokland. *Midterste rekke frå venstre:* Norunn Nordhus Døvik, Anna Helen Strand Eikeland, Trine Torstveit Helleberg, Solfrid Bådsvik, Josefine Stokland, Henriette Sørbotten, Sunniva Smørdal Frøyland, Eli Kristin Fjellsbø. *Fremste rekke frå venstre:* Malena Røgenes, Mariann Vestre Skree, Maria Eike Hustoft, Agnes Sesilie Andersen. Prest: Martin Ivar Arnesen



Imstrand

Bak frå v.: Asle Kvaløy, Erik N. Åsheim, Ole Nordtveit. Framme frå v.: Karoline Skogen, Inger Linn Imstrand, prest: Harald Eintveit.



Bjoa

Britt Karstensen (kateket), Jens Sigmund Grøn-nestad, Solmund Paulsen Oland, Jarle Lunde, Erik Hetland, prest: Johannes Nedreliid.

Vikebygd

Biletet vil kome i neste nummer fordi det ikkje var klart då dette nummeret gjekk i trykken.

Konfirmantane



Sandeid

Bak frå v.: Jonas S. Kaldheim, Steinar Stuhaug, Jan Vestbø, Magnus Fludal
Midtrekke frå v.: Sivert Vestbø, Sølvi Marie Lærdal, Randi Stople, Roy Tore Reime. Framme frå v.: Vilde Svantesvoll, Sofie A. Nordskog, Henriette Bakkedal, Anna Karoline H. Ihle, Amalie Aa Hovland, prest: Harald Eintveit.



Vikedal

Bak frå v.: Johannes W. Søyland, Kristian Aas
Ådland, Åsmund Holten, Henrik Krokedal.
Framme frå v.: Torleif Løkken, Siri Helland, Stian Espevold, prest: Harald Eintveit.



Skjold

Bakerste rekke frå venstre: Anders Skjølingstad, Bjarne Haakull Wannberg, John Henrik Dybdahl, Claus Haraldseid, Oddne Hinrichsen Bakke, Anders Selsvik Stendahl. *Midterste rekke frå venstre:* Torlak Emil Skogland, Jan Morten Vestre, Berge Ohm, Sivert Solli, Simen Rossebø Fosen, Ørjan Haakull, Sveinung Kalstveit. *Fremste rekke frå venstre:* Kristine Kalstveit, Jenny Rørtveit, Magdele Fjeldheim, Anne Marit Aase, Frida Haraldseid, Kjersti Haugen, Cecilie Bådsvik Handeland, Margit Jamne. Prest: Martin Ivar Arnesen.

Sammen
om gudstjenesten



Fin song frå unge struper.

SAMAN - om gudstenesta

Året 2012 er eit gudstenestefornyingsår. I løpet av året skal kvart sokn prøva ut og finna fram til sin lokale grunnordning for gudstenestelivet. Før har gudstenesteforma vore basert på ei landsnorm, no skal gudstenesta ha ein langt større lokal profil og helst med fleire aktørar enn prest, klokkar og organist. Kvart sokneråd skal, saman med prest, organist, andre tilsette og friviljuge i kyr-

kjelyden vera med å forme ut den lokale ordninga. Ulike musikalske uttrykk, bruk av bilete, drama, dans er verkemidlar som truleg vert meir synlege i einskilde kyrkjelydar. Variasjon, mangfald, aktivitet skal gje nytt liv i det mange kallar "uttørka gudstenester" og nør opp under visjonen om ei gudsteneste for alle. Difor må og det kjende og kjære vise att når sokneråda skal tenkja og prøva ut nye uttrykk.

Frist for arbeidet er sett til 1. søndag i advent.

Her i Vindafjord er arbeidet godt i gang. Under gudstenesta i Skjold 25. mars var mange aktørar med i skapinga av ein variert gudsteneste, noko bileta under syner.

Gunnar Listog



Det krev teknisk kunnskap for å gjennomføre ein gudsteneste i dag.



Marie Susort Hansen vart døypt på Maria bodskapsdag.



Konfirmant Simen Rossebø Fosen ynskjer velkommen til gudsteneste.

KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten





Det var fullsett på Kyrkjetunet denne veka. Her litt av festlyden på jubileumsfesten.

10 års-jubileum på Kyrkjetunet

13. – 22. april var det mange arrangement på Kyrkjetunet i Ølen i samband med at det er 10 år sidan Kyrkjetunet vart opna.

Den første helga i jubileumsveka hadde me besøk av Gunnar Hamnøy. Han fortalde mellom anna litt frå si gründerverksmd og korleis han brukar erfaringar frå dette i utvikling av ulike misjonsprosjekt i Afrika. Han var og festtalar på sjølv jubileumsfesten. Temaet på festkvelden var å dela, gi vidare det me har fått. Hamnøy

fekk på ein levande måte fortalt om kva velsigning det er i å dela. Som kristne kan me dela trua med andre og me kan dela materielle gode som me i Noreg har så rikeleg av.

Den andre del av jubileumsveka hadde me besøk av Martha og Edgar Paulsen. Martha gledde oss med god og utfordrande forkynning og Edgar spela og song. Dei utfyller kvarandre på ein flott måte.

Det var ikkje berre «tradisjonelle» arrangement desse dagane. NRK-veteran

John Skien var gjest ein kveld og fortalde litt frå arbeidskarrieren sin og om korleis livet hadde utvikla seg slik det gjorde. Eit svært interessant føredrag.

Sist, men ikkje minst må nemnast den flotte konserten i Ølen kyrkje med Voice of Joy. Dette koret er samansett av dyktige songarar frå heile Haugalandet og frisk korsong fekk dei til fulle vist oss på denne konserten.

Lars Dalen



Lytt til Kristen Nærradio Haugaland!

Kristen Nærradio Haugaland har i si nåverande form vore i drift i eitt års tid, men eg har ei kjensle av at denne kristne radiokanalen framleis er lite kjent av mange. Dette er trist, for her har vi eit godt tilbod for å nå mange med gode program. Sendetid som radioen har fått konsesjon på, er særdeles gunstig: Frå kl. 19.00 til 23.00 kvar einaste kveld. På søndagar i tillegg: Kl. 09.00- 12.00. Frekvensen i Ølen er FM 103,3, men kan variera litt kommunen.

Organisasjonane bak radioen er Normisjonen, Misjonssambandet, Pinsemenigheten Tabernaklet, Hau-

gesund Nordre Misjonsmenighet og D.F.E.F (De frie evangeliske forsamlinger) på Åkra, Vea og Skudenes.

Programtilbodet er variert og omfattande ut frå vekeprogram der bibelundervisning, møteopptak og andaktar er sentrale innslag. Elles er det mykje kristen song og musikk, intervju m.m., og barneprogram som første post. Svært ofte får vi program ved landskjente forkynnarar, m.a. ofte John Hardang i Kristen Riksradio og Asbjørn Kvalbein i NOREA.

Her har vi verkeleg fått eit tilbod som kan nå mange, langt utover dei som til vanleg finn sin plass i kristne

forsamlingar.

Men radioarbeid kostar. I det siste har den dyktige programleiaren frå Karmøy, Odd-Erik Eriksson, ofte minna om at i radioarbeidet opplever han stadig opp- og nedturar. Oppturane er dei mange tilbakemeldingane med takksemd for gode program. Nedturane er dei økonomiske vanskar. “Toget er i ferd med å gå ifrå oss”, seier han.

Det bør vel ikkje skje? Gåvekonto er : 3361.16.58791

Torstein Haugen

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS

Knapphus
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

Vikestølsmøtet!

8. juli 2012 på Vikestølen. Møtestart kl 12:00.
Talar: Sten Sverre Syvertsen

3.-10. JUNI

Søndag 3. juni vert det søndagsskule på Nesheimstunet hjå Elisabeth og Bjørn Steinar Nesheim. Kl. 11 vert det først søndagsskule med mellom anna Trygve Sandvik, gamlepresten vår. Frå kl 12 vert det høve til å kjøpa seg middag.

Torsdag 7. juni kl 19 vert det orgelkonsert i Vats kyrkje med Ola Ohm og Stein Johannes Kolnes. Under Kulturveka i 2010 fekk me i gong ein innsamling med det formålet å få orgelet i svevet igjen. Responsen var formidabel, og nå står orgelet der som nytt. Stein Johannes vil også fortelje litt om historia og oppbygginga av orgelet.

Søndag 10. juni kl. 11: Friluftsgudstenesta på Refsnes Dette er ein tradisjon me har hatt i Vats sidan midten på 1980-talet. Speidarane vert med og etterpå vert det ymse aktivitetar. Ta med stol og grillmat.

Til slutt vil eg minna om at "Heidersprisen til Kulturveka i Vats" skal delast ut rett etter gudstenesta. Kven som får prisen, får du vita i Refsnes.



BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.




Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

FRÅ KYRKJEBOKA

SKJOLD

Døypte:

25.03. Marie Susort Hansen
08.04. Silje Langeland

Døde:

20.03. Elisabeth Ersland f.1918

VATS

Døypte:

01.04. Alma Blikra
01.04. Selma Dale

Døde:

13.03. Signe Indreland f.1924

SANDEID

Dåp:

15.04. Fredrik Apeland Haugen

VIKEDAL

Dåp:

01.04. Martin Nes
22.04. Torje Golf

Døde:

04.04. Nils P. Espevoll f.1918

Ingen føring i kyrkjeboka for Imsland sokn, denne perioden.

ØLEN

Døypte

25.03. Morten Aleksander Meland
Kvinnesland
22.04. Eiril Gundersen Hansen

Døde:

03.04. Ingrid Vaka Vassnes f. 1962

18.04. Herborg Amanda Smørdal f. 1920

24.04. Erna Olava Handeland f. 1925

27.04. Borghild Torgrimsen f. 1926

BJOA

Døypte:

08.04. Jenny Torsen

VIKEBYGD

Døypte:

08.04. Malene Berentsen Trovåg

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Innbjoa bedehus

22.	mai	19:00	Fellesmøte med Vikebygd. Kveldsmat.
-----	-----	-------	-------------------------------------

Mo bedehus

30.	mai	19:00	Kva med framtida? Styret ønskjer å få svar på dette spørsmålet då det nå er trong for betydelege påkostnader. Då det ifølgje statuttene er innbyggjarane i Mo krins som står som eigar av huset, kallar me med dette inn til almannamøte der me ønskjer å få klarlagt kva som skal gjerast med huset. Møtet vert halde på bedehuset. Møt fram og kom med ditt syn på saka!
-----	-----	-------	--

Ersland bedehus

7.	juni	19:00	Misjonsstevne i Vindafjord Det blir som tidlegare år, eit felles misjonsstevne for Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats og Skjold for Det Norske Misjons-selskap. Roar Vik skal ha andakt og vi får misjonsglimt frå Kina ved Tore Harboe. Sang av Judith og Henry Sandhåland. Helsingar. Bevertning. Misjonsoffer. Ver med å be for misjonsstevnet!
----	------	-------	---

Vågen bedehus

30.	mai	Bønnemøte
3.	juni	Søndagsmøte eller utflykt
6. 13. 20.	juni	Bønnemøte Bønnemøte om onsdagane fram til 20 juni. Så er det opningshelga til hausten: Vi har opningshelg 24.26. aug. med Annbjørg Barane som talar.



Teltmøteaksjon Skjold

15 - 26. Juni. Kvar kveld kl. 19.30

Talarar og songarar:

Paul Mattis Nørstebø og Georg Kallevåg

Møteteltet er reist på grusbanen v. Skjold skule, skilt mot Vikaneset v. Skjold kyrkje.

Lørdag 16.06 : Song av Elisabeth og Lill Inger.
Eliesermannskap frå den 20.06

Talarane deltek også på gudsteneste i Skjold kyrkje
søndag 17. juni kl. 11.00. Offer til DISM

Lørdag 23. juni. blir det ikkje møte i teltet. Paul Mattis og Georg vert med på Sankthansfeiring v. Austrheimsbygda bedehus kl. 19.30. Ta m. grillmat!

For skyss kontakt:

Skjold: Børge Løype. Tlf. 52762122/97155295

Vats: Ingvald Eike: tlf. 52765815/91613269

Arr: Den indre Sjømannsmisjon

HVORDAN HAR DU DET egentlig?

Kirkens SOS
815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Andaktstelefonen
380 91700

Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten er gratis

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 30. aug.
Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 11. august

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesøndag	Vikedal Prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
27. mai Pinsedag Joh 14, 15-21	Sandeid kl 11.00 Kystkulturgudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet Prosten tek del. Imsland kl 19.00. Høgtidsgudsteneste, saman med Sauda Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet Prosten tek del.	Vats kl 11.00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Offer: Normisjon.	Bjoa kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydspe- dagog.
3. juni Treeiningssøndag Luk 10. 21 - 24	Sandeid kl 11.00 Dåp Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydarbeidet	Skjold kl 17.00 G17-gudsteneste. Nattverd med bønnevandring. Søndagsskule. Offer: KRIK. Kveldsmat.	Bjoa kl. 16.00 Blomstergudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjekt
10. juni 2.s.i treeiningstida Joh 3, 26-30	Vikedal kl 11.00 Nattverd Takkoffer: KRIK	Vats kl 11.00 Friluftsgudsteneste Refsnes. Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Ta med grillmat!	Ølen kl. 11.00 Dåp og Nattverd Takkoffer: Ungdomsarbeid. Lun- deneset.
17. juni 3.s.i treeiningstida Joh 1, 35- 51	Imsland kl 16.00 Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydspedagog.	Skjold kl 11.00 Nattverd. Offer: Indre sjømannsmisjon.	Ølen kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Misjonsprosjekt Vikebygd kl. 17.00 Blomstergudsteneste. Takkoffer: Åpne dører.
24.juli 4.s.i treeiningstida Matt 16,24-27	Sandeid kl 12.00 Nattverd Offer: Frelsesarmeen		Ølen kl 10.00 Nattverd Offer: Israelsmisjonen
1.juli 5.s.i treeiningstida Matt 7,21-29		Vats kl 12.00 Nattverd Offer: KFUK/M Global Speiderleir	Bjoa kl 10.00 Nattverd Offer: Utstein pilgrimsgård
8.juli 6.s.i treeiningstida / aposteldagen Matt 16,13-20	Imsland kl 10.00 Takkoffer: Kirkens Bymisjon Nattverd	Skjold kl 12.00 Nattverd Offer: Kyrkjelydsarbeidet.	
15.juli 7.s.i treeiningstida Luk 19,1-10	Vikedal kl 12.00 Rootsgudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet		Vikebygd kl 17.00 Nattverd. Takkoffer: KIA
22. juli 8.s.i treeiningstida Mark 12,37b-44	Sandeid kl 10.00 Takkoffer: Gudstenesteutvalet Nattverd	Vats kl 12.00 Offer: Misjonsalliansen	
29. juli 9.s.i treeiningstida Joh 8,2-11		Skjold kl 10.00 Nattverd Offer: Misjonsalliansen	Ølen kl 12.00 Dåp og nattverd. Takkoffer: NLA
5.august 10.s.i treeiningstida Matt 18,21-35	Vikedal, Motorbanen kl. 12.00 Familiegudst. Takkoffer: Kyrkjelydspedagog.		Vikebygd kl 10.00 Takkoffer til kyrkjelydsarbeid.
12. august 11.s.i treeiningstida Mark 2,23-28		Skjold kl 10.00 Nattverd Offer: Normisjon	Ølen kl 12.00 Nattverd. Takkoffer:Stefanusalliansen.
19.august 12.s.i treeiningstida Luk 8,1-3	Imsland kl 12.00 Takkoffer: Stavanger bispedøme- råd Nattverd	Vats kl 10.00 Nattverd Offer: Gideon	
26.august 13.s.i treeiningstida Luk 12,41-48	Sandeid kl 11.00 Takkoffer: Blå Kors Nattverd	Skjold kl 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd med bønnevandring. Søndagsskule. Konfirmantpresentasjon Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Kveldsmat.	Ølen kl 11.00 Nattverd. Takkoffer: Bibelskolen Bildøy.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)